

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 30.08.2018  
**Tidspunkt:** 11:00 – 16:40

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H Til kl.15.35
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Pål Kårbø	Medlem	UAV Til kl.16.00
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Anne Beth Njærheim	Medlem	V

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	A
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Synnøve Solbakken	Mari Klokkerstuen Kjellesvik	A Til kl.15.35
Rosalind Fosse	Sigbjørn Framnes	FRP
Marthe Hammer	Aud Karin Oen	SV

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Nils Egil Vetlesand	Kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Målfrid Vik Sønstabø	Kst. direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Stanley Hauge	Leiar
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar
Berit Dianne Kilvær	Spesialkonsulent

Sigrid Helene Aardal  
sekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 200/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 201/18	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 202/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 103/18	Framtidig byvekstavtale for Bergensområdet - Svar på fråsegn om involvering av kommunane	2018/12169	
RS 104/18	Byvekstavtale for Bergensområdet - oppfølging etter første møte i politisk styringsgruppe	2018/10476	
RS 105/18	Stortingets vedtak om å overføre sams vegadministrasjon til fylkeskommunene - Invitasjon til møte i Samferdselsdepartementet 27.08-18	2018/11164	
RS 106/18	Korleis har ungdommane i Hordaland det?	2018/11854	
RS 107/18	Styreforsikring	2016/5342	
RS 108/18	Dei konsoliderte musea i Bergensregionen og Hordaland - økonomisk skeivfordeling av statlege tilskot	2016/2550	
RS 109/18	Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland lufthavn AS	2014/16081	
RS 110/18	Protokoll fra generalforsamling BKK AS 7. juni 2018	2014/11462	
RS 111/18	Orientering om intensjonsavtale i Nordfjella	2014/13171	
RS 112/18	Protokoll fra generalforsamling for Gløde AS 29. mai 2018	2014/15255	
RS 113/18	Vestlandsrådet - protokoll frå møte 7.-8. juni 2018	2015/12690	
RS 114/18	Meldingssak: Frivillig arbeid i Europa som tiltak for ungdom med avbrote skulegang	2018/11159	
RS 115/18	Brev frå samferdselsdepartementet om tildeling av ekstra midlar til transportordninga for funksjonshemma	2017/3307	
RS 116/18	Rapport frå Ferde AS, til eigarane.	2016/34293	
RS 117/18	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 30. 06.2018	2014/10180	
RS 118/18	Rikspolitisk føresegn for kjøpesenter oppførte 1. juli 2018	2014/14561	
RS 119/18	Framdrift rom- og funksjonsprogram Stord vgs - avd. Vabakken	2018/12282	
RS 120/18	Søknad om forsøk med delegering av mynde for forvaltning av utviklingsmidlar på folkebibliotekområdet	2018/11720	
RS 121/18	Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Ferjeavløysingsordninga	2016/943	
RS 122/18	HjemJobb Hjem - modellen	2018/7274	
RS 123/18	Vedtak om etablering av yngleområde for gaupe i Hordaland - fråsegn frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane	2018/12206	
RS 124/18	Ang. Festspillene i Bergen og tilskotsordning	2014/14136	
RS 125/18	Svar på spørsmål frå FUV i PS 179/18 Fråsegn til reguleringsplan for Smålonane og søknad om samtykke til etablering av handelsareal - Fjell kommune	2014/14561	

RS 126/18	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 30. august 2018	2015/10348
RS 127/18	Sikkerhetsbemanning og driftsbemanning MF "Møkstrafjord" og MF "Horgefjord", bekymringsmelding	2018/13542
RS 128/18	Sal av Løfallstrand ferjekai	2018/13490
PS 203/18	Ymse	
PS 204/18	Delegerte saker	
DS 6/18	Sertifikatlån 345 mill. kr - rulleringsavtale	2018/301
PS 205/18	Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2018/20	2016/3130
PS 206/18	Rekneskapsrapport pr. juni 2018	2018/13117
PS 207/18	Fråsegn til oppstart for områdereguleringsplan for Bybanen til Åsane og detaljreguleringsplan for sykkel	2018/11205
PS 208/18	Endring i elbiltakstar på ferje	2018/12192
PS 209/18	Forskrift om utstederverksemd for bompengar og ferjebilletter (utstederforskrifta) - Høyringsfråsegn	2018/11078
PS 210/18	Søknad om ekstraordinær støtte til støvsanering - KODE kunstmuseer og komponistheim	2018/12018
PS 211/18	Høyringssvar Kulturarenaplan for Bergen kommune 2019 - 2030	2018/12341
PS 212/18	Fråsegn til områdeplan for Rong senterområde, Øygarden kommune	2018/8568
PS 213/18	Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027 - høyring	2018/13176
PS 214/18	Fast avløysar for konstituert fylkesrådmann	2018/11351
PS 215/18	Søknad om ruteløyve for ferjedrift frå Sunnhordland Ferjereideri AS u/s - klage på vedtak	2016/9963
PS 216/18	Statleg finansiering av Festspillene i Bergen	2014/14136

## **PS 200/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

#### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.  
Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 201/18 Godkjenning møtebok forrige møte**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

#### **Vedtak**

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 21.06.2018 vart godkjend utan merknader.

## PS 202/18 Referatsaker (meldingar)

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

RS 103/18-128/18 vart tekne til orientering.

## PS 203/18 Ymse

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

#### ORIENTERINGAR

Stian Skår Ludvigsen, seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse, Regionalavdelinga orienterte om «Scenario for bustadbehov i bergensregionen»,

Erland Iversen, vegseksjonen, Samferdselsavdelinga, orienterte om Bybane og hovudtrasé for sykkel til Åsane.

Avdelingsleiar Fredrik Lauritzen frå Antidoping Norge presenterte ny avtale.

Etter behandling av PS 205/18 vart avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020 underteikna av partane.

#### REFERATSAKER

I samband med RS 106/18 sette **Tom Sverre Tomren (KrF)** på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Futv bed om ein oppfølgingssak til RS 106/18 «Korleis har ungdom i Hordaland». Saken bør innrettes med vekt på korleis HFK kan følgje opp arbeidet barn og unge som slit når det gjeld trivsel, psykisk helse, deltaking og rusbruk.»

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 116/18 sette **Roald Kvamme(A)** på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Finansiering av bomprosjekter.

I den utsendte meldinga om Ferde vert det omtalt fleire utfordringar som selskapet har. Mellom anna skal selskapet finansiera mellom 50-60 millirdar til bompengeprosjekter. Dette omfanget skapar utfordringar for kvar selskapet kan låna pengar og om det er mulig for norske bankar å gje så store lån til ein kunde.

«Ferde har en betydelig låneportefølje. Ferde vurderer nå om det er aktuelt å refinansiere enkelte prosjekt for å oppnå bedre lånevilkår. Ett problem i denne sammenhengen er at enkelte banker har utlånsbegrensninger i forhold til hvor mye en enkeltkunde kan låne. Det skal utarbeides et finansreglement for Ferde».

Fylkesutvalet ber om at det vert lagt fram ei sak der ein får gjort greie for dei utfodringane selskapet har i høve til finansiering av låneportefølje og kva dette inneber for fylkeskommunane sitt garantiansvar for lån og andre sider ved driften av Ferde.»

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 128/18 sette **Benthe Bondhus (SP)** på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Sal av Løfallstrand ferjekai

På møte i fylkesutvalet den 21. juni 2018 stilte representanten Benthe Bondhus (SP) spørsmål om eigedomstilhøva ved gamle Løfallstrand ferjekai. Då det ikkje var mogeleg å gje eit eintydig svar i møte, vil fylkesrådmannen opplysa fylgjande.

Med heimel i fylkesutvalsak frå 2000, der vegsjefen fekk fullmakt til å avhenda ferjekaiar som ikkje lenger er i bruk, eller skal nyttast til beredskapskaiar eller er aktuelle som kulturminne, vart kaien i 2014 overført til Karen Løvfall Våge,- tilgrensande grunneigar til kaien, jfr veglova §8. Dette etter at kommunen var førespurd om å overta kaien. Salssummen for kaien var ein del av oppgjeret for kjøp av areal av same grunneigar til utviding av Fv48 Løfallstrand-Årsnes.

Ber om å få framlagt rekneskap for denne overdraging til neste møte i fylkesutvalet.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

## OPEN TIME

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A fram slikt oversendingsforslag:

«Byvekstavtalen og andre bompengavtalar

Fylkesutvalet syner til samferdselsminister Kjetil Solvik-Olsen sine utspel i media der han oppmodar lokalpolitikarar om å gjera nye vedtak som reduserer eller fjernar den lokale finansieringa av bompengavtalar mellom anna prosjektene i byvekstavtalane.

Solvik-Olsen har gjentatt budskapet trass i fleire oppmodingar om å klargjera regjeringa sin politikk på dette området. Dette har skapt tvil om regjeringa sine mål og premisser for forhandlingane om byvekstavtalene og i andre bompengavtalar.

Fylkesutvalet er kjent med at Rogaland fylkeskommune har bedt om eit hastemøte med samferdsledepartementet for å få klargjort regjeringa sin politikk.

Fylkesutvalet vil be om at regjeringa v/statsminister Erna Solberg klargjer regjeringa sine mål og premisser for det vidare arbeidet med byvekstavtalane og andre bompengeprojekt.»

Kvamme sitt forslag vart med 10 røyster (A; SP; KRF; SV; Uah og V) vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«E39 Vågsbotn-Klauvaneset

Fylkesutvalet syner til fråsegn vedteke på fylkestinget i juni.

Fylkesutvalet ber om at det vert tatt initiativ til eit møte mellom statens vegvesen, Bergen kommune og kommunane i Nordhordland for å få klargjort finansiering, status og framdrift i planarbeidet.

«*Fylkestinget i Hordaland krev at ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane vert bygd så raskt råd er, og at det vert gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.*

*Innbyggjarane i Åsane og Nordhordland har lenge kjempa for ny trasè for dagens E39 gjennom Åsane. I 2016 slo Statens Vegvesen endeleg fast at Nyborgtunnelen ikkje vert bygd, men at E39 i Åsane skal inngå i det heilskaplege Ringveg Aust med trasè tilpassa dette.*

*Det vart då presisert at Nordhordland ikkje skulle lida for denne endringa.*

*Likevel er det det som har skjedd. I gjeldende NTP er strekninga Klauvaneset berre tilgodesett med planmidlar i andre del av planperioden 2023-2029.*

*Etter stort lokalpolitisk engasjement, har Stortinget opna for at rekkefølga på oppstart av delprosjekta på Ringveg aust mellom Klauvaneset og Arna kan endrast, slik at Vågsbotn - Klauvaneset kan startast opp først.*

*Ingen annan veg har høgare trafikk på så smal og ulukkesutsett vegbane. E39 Vågsbotn – Klauvaneset har veldig låg standard, svært høge trafikktal og store køproblem med fare for ulukker, og tap av liv og helse. Trafikken gjennom tunnelen i Vågsbotn er passert 25000 bilar pr. døger og den aukar. På det smalaste er vegen under 6 meter og eigentleg ikkje godkjent for gul stripe etter Statens Vegvesen sin eigne krav til vegbreidde. Sidan 1994 er 13 menneske omkomne på dette vegstrekket, og det er utallige eksempel på ulukker med personskade og materielle skader. Vegen er i tillegg uoversiktleg med i alt 25 på- og avkryrsler med mangelfull sikring og bustadhus kloss inn til vegbana.*

*Situasjonen har no gått frå vondt til verre, og i vår har innbyggjarar langs vegen i Åsane gått til aksjonar der dei markerer at tålegrensa for ulempene med dagens veg er overskriden.*

*Fylkestinget i Hordaland forventar at tidlegare løfte om å bygging av ein E39 til erstatning for Nyborgtunnelen vert haldne, og at stortingsfleirtalet sitt vedtak om å prioritera oppstart av ringveg aust med prosjektet Klauvaneset-Vågsbotn vert fylgd opp og får byggjearstart snarast.*

*Fylkestinget i Hordaland krev at planprogram, kommunedelplan og reguleringsplanarbeid for strekninga får høgste prioritet slik at prosjektet kan prioriterast opp i samband med rulleringa av NTP og i handsaming av statsbudsjettet.»»*

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H; Frp, V fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

«Ber om at fylkesutvalget får en orientering om rådgivers arbeidsforhold knyttet til arbeidsgiver, reiser og opphold.

- Rådgivers deltagelse i møter.
- Rådgivers anledning til å delta i gruppemøter i fylkesting, fylkesutvalg, fellesnemnda, fellesnemnda AU. og
- Representasjon frå posisjon/opposisjon.»

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

**Benthe Bondhus (SP)** sette på vegner av SP fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

««Trafikksikringstiltak Fv40- Opstveit, Matre i Kvinnherad kommune.

Hordaland fylkeskommune viser til dykkar epostar av 25.05.18 og 10.08.18 til fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen, til leiar i utval for miljø og samferdsel Jon Askeland, og kopi til fylkesutvalsmedlem Benthe Bondhus. De ber om ei utbetring av bru over Kvednabekken, på Opstveit i Matre i Kvinnherad, i samband med at Sunnhordland Kraftlag har starta riving av kraftstasjon.

Tiltaket vil bli vurdert i samband med rullering av investeringsprogrammet for fylkesvegar 2019. Investeringsprogrammet og budsjettet for Hordaland fylkeskommune vert lagt fram for fylkestinget i desember.»

Ber om at fylkeskommunen (snarlig) om å gå i dialog med Kvinnherad kommune og Sunnhordland Kraftlag for å finna løysingar på denne utfordringa no.»

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

## **PS 204/18 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

#### **Vedtak**

Delegert sak DS 6/18 vart teken til orientering

### **DS 6/18 Sertifikatlån 345 mill. kr - rulleringsavtale**

## **PS 205/18 Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2018/20**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2018/2019. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00 «Tilskot til idrettsarbeid».

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.08.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2018/2019. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00 «Tilskot til idrettsarbeid».

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2018/2019. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00 «Tilskot til idrettsarbeid».

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Fylkesordføraren la innstillinga frå utval for kultur, idrett og regional utvikling til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Hordaland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Mobilisering mot doping» i Hordaland 1. august 2018 til 31. juli 2020.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 300.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for skuleåret 2018/2019. Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.410.00 «Tilskot til idrettsarbeid».

## **PS 206/18 Rekneskapsrapport pr. juni 2018**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2018 til orientering.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2018 til orientering.

## **PS 207/18 Fråsegn til oppstart for områdereguleringsplan for Bybanen til Åsane og detaljreguleringsplan for sykkel**

### **Forslag til innstilling**

1. Bybanen er ein suksess og Fylkesutvalet ønskjer å bygge vidare på dei investeringane som er gjort. I regionale planar og Kollektivstrategi for Hordaland er Bybanen ei prioritert satsing. Vidare utbygging av bybane gjennom sentrum vil dessutan utløyse meir kapasitet i eksisterande infrastruktur.
2. Fylkesutvalet understrekar viktigheita av å utvikle eit heilskapleg og gjennomgåande kollektivtilbod som er attraktivt for dei reisande, er godt integrert i bybiletet, føreseieleg, med høg frekvens og god framkomst. Fylkesutvalet meiner at Bybanekonseptet gjev riktig kapasitet for ein by på storleiken til Bergen, og at det er rett å halde fram med same konsept. Å legge til rette for at to separate konsept skal koplant i sentrum vil gi unødig store driftsutfordringar og arealkrevjande løysingar.
3. Fylkesutvalet meiner at det supplerande busstilbodet mellom sentrum og Åsane må sikrast god framkomst, kort reisetid og funksjonelle bytepunkt. Det bør særleg fokuserast på følgjande to område: Framkomsten for bussar i krysset på Nygårdstangen i retning Bergen busstasjon og koplinga mellom Åsane terminal og vegnettet rundt terminalen.
4. Fylkesutvalet er tilfreds med at sykkelveg langs Bybanen til Åsane vert regulert som ein del av bybaneprojektet. Fylkesutvalet rår til at tilrettelegging for gåande og syklande vert prioritert, men at standarden på sykkelvegane i sentrumsområda må bli vurdert i høve til tilgjengeleg areal og andre trafikantar sine behov.

5. Fylkesutvalet merkar seg at Bergen kommune har gjort vedtak om å regulere alternativ med forlenging av Fløyfjellstunnelen for å frigjere Åsaneveien for bybanetrasé. Fylkesutvalet aksepterer denne løysinga til tross for at det aukar økonomisk risiko og kompleksitet i prosjektet. Fylkesutvalet føreset at planarbeidet sikrar mest mogeleg samtidighet i utbygginga av bybane og forlenga Fløyfjellstunnel.
6. Fylkeskommunen er tiltakshavar, eigar og ansvarleg for drift av Bybanen og må vere tett kopla til den overordna styringa av prosjektet. Fylkesutvalet rår til at det etablerast ei administrativ styringsgruppe som kan fylgje reguleringsarbeidet jamleg med fokus på kostnadskontroll og problemstillingar av overordna og prinsipiell art. Fylkesutvalet rår til at styringsgruppa utformer ei prosjektbestilling som ramme for arbeidet med reguleringsplan.
7. Det er viktig å skape grunnlag for omforeinte løysingar i den vidare i planprosessen. Fylkesutvalet rår til at det vert lagt inn tid i framdriftsplanen til å gjennomføre politisk forankring av konklusjonane for skissefasen i framdriftsplanen.
8. For å sikre gjennomføring av Bybanen BT5 til Åsane må det bli arbeidd med å redusere risiko og kompleksitet i prosjektet i så stor grad som mogleg. Fylkesutvalet meiner kostnader må bli drøfta som del av arbeidet med reguleringsplanen. Det må bli planlagt for eit realistisk prosjekt der ein søker kostnadsreducerande tiltak, særleg i høve til depot, sykkelveg, tunnel og underjordisk haldeplass i Sandviken, samt driftskostnader knytt til buss, bane og infrastruktur. Dersom kostnadsutviklinga i prosjektet går utover finansieringsrammene og utfordrar mogelegheitene for realisering, kan det vere aktuelt å vurdere motsegn.
9. Fylkesutvalet meiner at statleg andel i finansieringa av prosjektet bør aukast. Fylkesutvalet meiner spesielt at forlenging av Fløyfjellstunnel og sykkelveg med riksvegfunksjon må sikrast statleg finansiering. Fylkesutvalet rår til at ein i prosjektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler.
10. Fylkesutvalet rår til at det vert utarbeidd ein trafikkplan som tek utgangspunkt i stenging av Torget/ Bryggen for gjennomkøyring med privatbil. I arbeidet må det bli vurdert ei løysing med mogelegheit for tovegs trafikk i eitt løp i Fløyfjellstunnelen slik at ein sikrar trafikkavvikling ved planlagt stenging av Fløyfjellstunnelen. Fylkesutvalet ser det som viktig at trafikkplanen vurderer tiltak i høve til:
  - a. Trafikk som kan vere i konflikt med framkomst til bybanen.
  - b. Den trafikale belastninga for dei kulturhistoriske miljøa i sentrum og Sandviken.
  - c. Den trafikale belastninga for bebuarane i sentrum og Sandviken.
11. Delstrekning 1 - Kaigaten – Sandbrogaten  
Traseen som er lagt til grunn i oppstartmeldinga er i samsvar med fylkesutvalet si tilråding av 31.10.2013 om dagløyning gjennom sentrum og over Bryggen. Fylkesutvalet ser utfordringar for kulturminne som må løysast, og understreker at vedtaket vart gjort med visse vilkår som må bli oppfylt gjennom reguleringsarbeidet:
  - a. Fylkesutvalet føreset:
    - i. at ein fjernar, eller sikrar fjerna, det meste av ordinær biltrafikk framom Bryggen.
    - ii. at ein ikkje set opp gjerder eller andre fysiske hindringar framom Torget og Bryggen.
    - iii. at ein finn akseptable løysingar for køyreleidningsanlegg
  - b. Som avbøtande tiltak knytt til barriereverknad ber fylkesutvalet om at ein ser nærare på:
    - i. Batteri eller andre energiberarar som straumkjelde framfor Torget og Bryggen.
    - ii. Reduksjon av barriereverknaden for verdsarvstaden Bryggen i form av kotehøgde for bybanesporet.
    - iii. Auka avstand til Finnegården.
  - c. Fylkesutvalet viser til Riksantikvaren sine krav om at ein må finne akseptable løysingar for kulturlaga i Øvregaten og Sandbrogaten, og ser det som viktig å ha fokus på konsekvensane dette kan ha for kostnad og framdrift.

- d. Dersom summen av dei avbøtande tiltaka ved ei daglineløysing ikkje vert tilstrekkelege for å ivareta nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar, kan det verte aktuelt å vurdere motsegn til regulering av dagalternativet gjennom sentrum.

12. Delstrekning 2 Sandbrogaten – Eidsvågtunnelen

På denne strekninga er det avvik mellom Fylkesutvalet si tilråding av 31.oktober 2013 og det Bergen kommune har lagt til grunn for oppstartsmeldinga.

- a. Fylkesutvalet ser at kostnadene knytt til tunnel og underjordisk haldeplass bak Sandviken kirke er særst høge. Fylkesutvalet rår difor til at ein i skissefasen vurderer eit alternativ med trasé i dagen i Sjøgaten frå Slaktehustomten og vidare Sandviksveien opp til Åsaneveien parallelt med reperbanen i Sandviken.
- b. Fylkesutvalet føreset at reguleringsplanarbeidet tek omsyn til kulturminnet og kulturmiljøet rundt Måseskjæret.

13. Delstrekning 3 Eidsvågtunnelen – Tertneskrysset

- a. På denne strekninga er traseen som ligg til grunn for oppstartsvarselet i hovudsak i tråd med Fylkesutvalet si tilråding. Fylkesutvalet støttar kommunen i å vurdere eit alternativ med trasé på vestsida av Griggastemma for å undersøke potensialet for byutvikling.

14. Delstrekning 4 Tertneskrysset – Vågsbotn

- a. Traséen som er lagt til grunn for oppstartsvarselet er i tråd med Fylkesutvalet si tilråding om å gå gjennom Åsane senter og vidare i tunnel til Nyborg. Endring av trasé for Nyborgstunnelen gir rom for å vurdere nye løysingar. Fylkesutvalet rår til ei dagløysing mellom Åsane senter og Vågsbotn. Ved å krysse E39 i bru vil ein kunne bidra til å dempe barriereverknadene av europavegen og opne for gode løysingar for gåande og syklande.
- b. Åsane terminal er den klart største bydelsterminalen med omsyn til passasjertal og tal på bussar. Fylkesutvalet rår til at tilkomst for buss til terminalen og tilrettelegging for terminalen som bytepunkt mellom buss og bane vert prioritert i planarbeidet.
- c. Åsane har vesentleg potensial for auka sykkelandel, men Fylkesutvalet vurderer at potensialet er størst for bydelsinterne reiser og vil prioritere aksane frå bustadområda og inn mot kollektivterminal og haldeplassar.
- d. Fylkesutvalet er positive til at ein i planarbeidet skal vurdere ulike lokalitetar for å etablere innfartsparkering i Åsane bydel.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018

**Geir Angeltveit, V**, sette på vegner av V og SV fram slikt forslag (a):

«Endring:

Punkt 8  
Fjern «sykkelveg»

Nytt punkt:

Punkt 10d  
Fylkesutvalet er samd i Bystyret i Bergen sitt ønskje om at det må etablerast kollektivfelt i Fløyfjellstunnelen.»

**Geir Angeltveit, V**, sette fram slikt forslag (b):

«Stryk:

Punkt 14d om innfartsparkering.»

**Geir Angeltveit, V**, sette på vegner av Sp, SV, A, KrF, V, MDG og H fram slikt forslag (c):

«Nytt punkt:

Punkt 10d

Fylkesutvalet er samd i Bystyret i Bergen sitt ønskje om at det må etablerast kollektivfelt i Fløyfjellstunnelen.»

**Geir Angeltveit, V**, sette på vegner av SV, V og MDG frem slikt forslag (d):

«Tillegg:

Punkt 14

a. Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert eit sentralt plassert stopp på Nyborg i tilknytning til dagløysing.»

**Marthe Hammer, SV**, sette frem slikt forslag:

«Endring:

Punkt 9

Fjern siste setning: «Fylkesutvalet rår til at ein i prosjektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler»

Tillegg:

Punkt 14d

«..., men utenom sentersonen i Åsane»»

**Marthe Hammer, SV**, sette på vegner av SV, MDG og V frem slikt forslag:

Tillegg:

Punkt 4, siste setning

«..., men ser det som viktig at fullgod gjennomgående sykkelveg vert etablert.»

**Geir Angeltveit, V**, trakk sitt forslag (a), punkt 8.

**Per Lerøy, A**, sette på vegner av A, KrF, Sp, V, SV, MDG og H frem slikt forslag (a):

«Endring (strykning markert med strek, tillegg i kursiv):

Punkt 8

For å sikre gjennomføring av Bybanen BT5 til Åsane må det bli arbeidd med å redusere risiko og kompleksitet i prosjektet i så stor grad som mogleg. Fylkesutvalet meiner kostnader må bli drøfta som del av arbeidet med reguleringsplanen. Det må bli planlagt for eit realistisk prosjekt der ein søker kostnadsreducerande tiltak, særleg i høve til depot, ~~sykkelveg~~, tunnel og underjordisk haldeplassar i Sandviken, samt driftskostnader knytt til buss, bane og infrastruktur. *Den administrative styringsgruppa (jf. vedtakspunkt 6) skal bidra til slik kostnadsstyring gjennom å syte for at konkrete løysingar i planarbeidet held seg innanfor rammene av eit realistisk finansieringsopplegg. Dersom kostnadsutviklinga i prosjektet ikkje går utover finansieringsrammene og utfordrar moglegheitene for realisering, kan det vere aktuelt å vurdere motsegn.»*

**Per Lerøy, A**, sette på vegner av A, KrF, Sp, V, SV og MDG frem slikt forslag (b):

«Alternativ:

Punkt 12

Fylkesrådmannen sitt forslag med slik endring i punkt 12 a).

Fylkesutvalet ser at kostnadene knytt til tunnel og underjordisk haldeplass bak Sandviken kyrkje er særst høge. Fylkesutvalet rår derfor til at ein *gjennom heile planprosessen har særskilt merksemd på val av løysingar som kan redusere kostnader/risiko for auka kostnader. Samstundes viser fylkesutvalet til at kulturminneomsyn i Sandviken er viktig for utforming av trase.* skissefasen vurderer eit alternativ med trase i dagen i Sjøgaten frå Slaktehustomten og vidare Sandviksveien opp til Asaneveien parallelt med reoperbanen i Sandviken.

**Gustav Bahus, Frp**, sette fram slik protokollmerknad på vegner av Frp:

«Framstegspartiet er uroa for kostnadane for Bybane-prosjektet og måten det skal finansierast på.

Framstegspartiet er og sterk motstandar av dagløyising over Bryggen slik det kjem fram i planen.

Framstegspartiet sine representantar i utval for miljø og samferdsel vil gå for innstillinga med desse kommentarane, men vil jobba i gruppa fram mot handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling og endeleg i fylkesutvalet.»

**Gustav Bahus, Frp**, sette fram slikt forslag på alle punkt:

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til orientering.»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 4 fekk 7 røyster (V, MDG, A, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5-7 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 8 fekk ingen røyster mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag og begge forslaga fall.

Lerøy sitt forslag punkt 8 fekk 13 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Hammer sitt forslag punkt 9 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 9 (1., 2. og 3. setning) vart vedteke med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 10 a)-c) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Angeltveit sitt forslag punkt 10 d) fekk 12 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, 2H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

*Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 10 d) vart ikkje røysta over.*

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 11 a)-c) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 11 d) fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 12 fekk ingen røyster mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag og begge forslaga fall.

Lerøy sitt forslag punkt 12 fekk 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 13 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 14 a) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster (Sp, A, KrF, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag og begge forslaga fall.

Angeltveit sitt forslag 14 a) fekk 3 røyster (V, MDG, SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 14 b) og c) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 13 røyster (Sp, SV, A, KrF, V, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag 14 d) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 12 røyster (Sp, SV, A, KrF, MDG, H) mot 2 røyster (Frp) for Bahus sitt forslag.

Hammer sitt forslag punkt 14 d) fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Bybanen er ein suksess og Fylkesutvalet ønskjer å bygge vidare på dei investeringane som er gjort. I regionale planar og Kollektivstrategi for Hordaland er Bybanen ei prioritert satsing. Vidare utbygging av bybane gjennom sentrum vil dessutan utløyse meir kapasitet i eksisterande infrastruktur.
2. Fylkesutvalet understrekar viktigeita av å utvikle eit heilskapleg og gjennomgåande kollektivtilbod som er attraktivt for dei reisande, er godt integrert i bybiletet, føreseieleg, med høg frekvens og god framkomst. Fylkesutvalet meiner at Bybanekonseptet gjev riktig kapasitet for ein by på storleiken til Bergen, og at det er rett å halde fram med same konsept. Å legge til rette for at to separate konsept skal koplatt i sentrum vil gi unødige store driftsutfordringar og arealkrevjande løysingar.
3. Fylkesutvalet meiner at det supplerande busstilbodet mellom sentrum og Åsane må sikrast god framkomst, kort reisetid og funksjonelle bytepunkt. Det bør særleg fokuserast på følgjande to område: Framkomsten for bussar i krysset på Nygårdstangen i retning Bergen busstasjon og koppinga mellom Åsane terminal og vegnettet rundt terminalen.
4. Fylkesutvalet er tilfreds med at sykkelveg langs Bybanen til Åsane vert regulert som ein del av bybaneprojektet. Fylkesutvalet rår til at tilrettelegging for gåande og syklande vert prioritert, men at standarden på sykkelvegane i sentrumsområda må bli vurdert i høve til tilgjengeleg areal og andre trafikantar sine behov.
5. Fylkesutvalet merkar seg at Bergen kommune har gjort vedtak om å regulere alternativ med forlenging av Fløyfjellstunnelen for å frigjere Åsaneveien for bybanetrasé. Fylkesutvalet aksepterer denne løysinga til tross for at det aukar økonomisk risiko og kompleksitet i projektet. Fylkesutvalet føreset at planarbeidet sikrar mest mogeleg samtidighet i utbygginga av bybane og forlenga Fløyfjellstunnel.
6. Fylkeskommunen er tiltakshavar, eigar og ansvarleg for drift av Bybanen og må vere tett kopla til den overordna styringa av projektet. Fylkesutvalet rår til at det etablerast ei administrativ styringsgruppe som kan fylgje reguleringsarbeidet jamleg med fokus på kostnadskontroll og problemstillingar av overordna og prinsipiell art. Fylkesutvalet rår til at styringsgruppa utformer ei prosjektbestilling som ramme for arbeidet med reguleringsplan.
7. Det er viktig å skape grunnlag for omforeinte løysingar i den vidare i planprosessen. Fylkesutvalet rår til at det vert lagt inn tid i framdriftsplanen til å gjennomføre politisk forankring av konklusjonane for skissefasen i framdriftsplanen.
8. For å sikre gjennomføring av Bybanen BT5 til Åsane må det bli arbeidd med å redusere risiko og kompleksitet i projektet i så stor grad som mogleg. Fylkesutvalet meiner kostnader må bli drøfta som del av arbeidet med reguleringsplanen. Det må bli planlagt for eit realistisk prosjekt der ein søker kostnadsreducerande tiltak, særleg i høve til depot, tunnel og haldeplassar, samt driftskostnader knytt til buss, bane og infrastruktur. Den administrative styringsgruppa (jf. vedtaks punkt 6) skal bidra til slik kostnadsstyring gjennom å syte for at konkrete løysingar i planarbeidet held seg innanfor rammene av eit realistisk finansieringsopplegg.
9. Fylkesutvalet meiner at statleg andel i finansieringa av projektet bør aukast. Fylkesutvalet meiner spesielt at forlenging av Fløyfjellstunnel og sykkelveg med riksvegfunksjon må sikrast statleg finansiering. Fylkesutvalet rår til at ein i projektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler.

10. Fylkesutvalet rår til at det vert utarbeidd ein trafikkplan som tek utgangspunkt i stenging av Torget/ Bryggen for gjennomkøyring med privatbil. I arbeidet må det bli vurdert ei løysing med mogelegheit for tovegs trafikk i eitt løp i Fløyfjellstunnelen slik at ein sikrar trafikkavvikling ved planlagt stenging av Fløyfjellstunnelen. Fylkesutvalet ser det som viktig at trafikkplanen vurderer tiltak i høve til:
- Trafikk som kan vere i konflikt med framkomst til bybanen.
  - Den trafikale belastninga for dei kulturhistoriske miljøa i sentrum og Sandviken.
  - Den trafikale belastninga for bebuarane i sentrum og Sandviken.
  - Fylkesutvalet er samd i Bystyret i Bergen sitt ønskje om at det må etablerast kollektivfelt i Fløyfjellstunnelen.
11. Delstrekning 1 - Kaigaten – Sandbrogaten  
Traseen som er lagt til grunn i oppstartmeldinga er i samsvar med fylkesutvalet si tilråding av 31.10.2013 om dagløyning gjennom sentrum og over Bryggen. Fylkesutvalet ser utfordringar for kulturminne som må løysast, og understreker at vedtaket vart gjort med visse vilkår som må bli oppfylt gjennom reguleringsarbeidet:
- Fylkesutvalet føreset:
    - at ein fjernar, eller sikrar fjerna, det meste av ordinær biltrafikk framom Bryggen.
    - at ein ikkje set opp gjerder eller andre fysiske hindringar framom Torget og Bryggen.
    - at ein finn akseptable løysingar for køyreleidningsanlegg
  - Som avbøtande tiltak knytt til barriereverknad ber fylkesutvalet om at ein ser nærare på:
    - Batteri eller andre energiberarar som straumkjelde framfor Torget og Bryggen.
    - Reduksjon av barriereverknaden for verdsarvstaden Bryggen i form av kotehøgde for bybanesporet.
    - Auka avstand til Finnegården.
  - Fylkesutvalet viser til Riksantikvaren sine krav om at ein må finne akseptable løysingar for kulturlaga i Øvregaten og Sandbrogaten, og ser det som viktig å ha fokus på konsekvensane dette kan ha for kostnad og framdrift.
12. Delstrekning 2 Sandbrogaten – Eidsvåg tunnelen  
På denne strekninga er det avvik mellom Fylkesutvalet si tilråding av 31.oktober 2013 og det Bergen kommune har lagt til grunn for oppstartsmeldinga.
- Fylkesutvalet ser at kostnadene knytt til tunnel og underjordisk haldeplass bak Sandviken kyrkje er sær s høge. Fylkesutvalet rår derfor til at ein gjennom heile planprosessen har særskilt merksemd på val av løysingar som kan redusere kostnader/risiko for auka kostnader. Samstundes viser fylkesutvalet til at kulturminneomsyn i Sandviken er viktig for utforming av trase.
  - Fylkesutvalet føreset at reguleringsplanarbeidet tek omsyn til kulturminnet og kulturmiljøet rundt Måseskjæret.
13. Delstrekning 3 Eidsvåg tunnelen – Tertneskrysset  
a. På denne strekninga er traseen som ligg til grunn for oppstartsvarselet i hovudsak i tråd med Fylkesutvalet si tilråding. Fylkesutvalet støttar kommunen i å vurdere eit alternativ med trasé på vestsida av Griggastemma for å undersøke potensialet for byutvikling.
14. Delstrekning 4 Tertneskrysset – Vågsbotn  
a. Traséen som er lagt til grunn for oppstartsvarselet er i tråd med Fylkesutvalet si tilråding om å gå gjennom Åsane senter og vidare i tunnel til Nyborg. Endring av trasé for Nyborgstunnelen gir rom for å vurdere nye løysingar. Fylkesutvalet rår til ei dagløyning mellom Åsane senter og Vågsbotn. Ved å krysse E39 i bru vil ein kunne bidra til å dempe barriereverknadene av europavegen og opne for gode løysingar for gåande og syklende.

- b. Åsane terminal er den klart største bydelsterminalen med omsyn til passasjertal og tal på bussar. Fylkesutvalet rår til at tilkomst for buss til terminalen og tilrettelegging for terminalen som bytepunkt mellom buss og bane vert prioritert i planarbeidet.
- c. Åsane har vesentleg potensial for auka sykkelandel, men Fylkesutvalet vurderer at potensialet er størst for bydelsinterne reiser og vil prioritere aksane frå bustadområda og inn mot kollektivterminal og haldeplassar.
- d. Fylkesutvalet er positive til at ein i planarbeidet skal vurdere ulike lokalitetar for å etablere innfartsparkering i Åsane bydel.

### **Protokollmerknad frå Frp**

Framstegspartiet er uroa for kostnadane for Bybane-prosjektet og måten det skal finansierast på.

Framstegspartiet er og sterk motstandar av dagløyasing over Bryggen slik det kjem fram i planen.

Framstegspartiet sine representantar i utval for miljø og samferdsel vil gå for innstillinga med desse kommentarane, men vil jobba i gruppa fram mot handsaming i utval for kultur, idrett og regional utvikling og endeleg i fylkesutvalet.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

**Kjell Håland (A)** sette på vegne av A, KrF og Sp frem slikt forslag:

«I tråd med innstilling frå MISA punkt 1-14».

**Geir Kjell Andersland (V)** sette frem slikt forslag:

«Endring:

Punkt 14 a) Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert eit sentralt plassert stopp på Nyborg i tilknytning til dagløyasing».

**Geir Kjell Andersland (V)** sette frem slikt forslag:

«Punkt 14 d) strykes».

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slik forslag på alle punkt:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering»

**Gunnar Bakke (Frp)** sette fram slik protokollmerknad på vegne av Frp:

«Framstegspartiet er uroa for kostnadene for Bybanen, og måten den skal finansierast på.

Framstegspartiet er sterk motstandar av dagløyasing slik det kjem fram i planen

Framstegspartiet vil i tida fram mot fylkesutvalet jobbe med alternative forslag».

### **Røysting**

Håland sitt forslag punkt 1-13 fekk 11 røyster (A, KrF, Sp, V og H) mot 2 (Frp) for Bakke sitt forslag, og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Andersland sitt forslag om endring på punkt 14 a) fekk 1 røyst (V) og fall.

Håland sitt forslag punkt 14 a) fekk 11 røyster (A, Sp, KrF, H og V) mot 2 (Frp) for Bakke sitt forslag, og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Håland sitt forslag punkt 14 b) og c) fekk 11 røyster (A, KrF, Sp V og H) mot 2 (Frp) for Bakke sitt forslag og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Andersland sitt forslag punkt 14 d) fekk 1 røyst (V) og fall.

Håland sitt forslag punkt 14 d) fekk 11 røyster (A, KrF, Sp, V og H) mot 2 (Frp) for Bakke sitt forslag, og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Bybanen er ein suksess og Fylkesutvalet ønskjer å bygge vidare på dei investeringane som er gjort. I regionale planar og Kollektivstrategi for Hordaland er Bybanen ei prioritert satsing. Vidare utbygging av bybane gjennom sentrum vil dessutan utløyse meir kapasitet i eksisterande infrastruktur.
2. Fylkesutvalet understrekar viktigeita av å utvikle eit heilskapleg og gjennomgåande kollektivtilbod som er attraktivt for dei reisande, er godt integrert i bybiletet, føreseieleg, med høg frekvens og god framkomst. Fylkesutvalet meiner at Bybanekonseptet gjev riktig kapasitet for ein by på storleiken til Bergen, og at det er rett å halde fram med same konsept. Å legge til rette for at to separate konsept skal koplant i sentrum vil gi unødige store driftsutfordringar og arealkrevjande løysingar.
3. Fylkesutvalet meiner at det supplerande busstilbodet mellom sentrum og Åsane må sikrast god framkomst, kort reisetid og funksjonelle bytepunkt. Det bør særleg fokuserast på følgjande to område: Framkomsten for bussar i krysset på Nygårdstangen i retning Bergen busstasjon og koplinga mellom Åsane terminal og vegnettet rundt terminalen.
4. Fylkesutvalet er tilfreds med at sykkelveg langs Bybanen til Åsane vert regulert som ein del av bybaneprojektet. Fylkesutvalet rår til at tilrettelegging for gåande og syklande vert prioritert, men at standarden på sykkelvegane i sentrumsområda må bli vurdert i høve til tilgjengeleg areal og andre trafikantar sine behov.
5. Fylkesutvalet merkar seg at Bergen kommune har gjort vedtak om å regulere alternativ med forlenging av Fløyfjellstunnelen for å frigjere Åsaneveien for bybanetrasé. Fylkesutvalet aksepterer denne løysinga til tross for at det aukar økonomisk risiko og kompleksitet i projektet. Fylkesutvalet føreset at planarbeidet sikrar mest mogeleg samtidighet i utbygginga av bybane og forlenga Fløyfjellstunnel.
6. Fylkeskommunen er tiltakshavar, eigar og ansvarleg for drift av Bybanen og må vere tett kopla til den overordna styringa av projektet. Fylkesutvalet rår til at det etablerast ei administrativ styringsgruppe som kan fylgje reguleringsarbeidet jamleg med fokus på kostnadskontroll og problemstillingar av overordna og prinsipiell art. Fylkesutvalet rår til at styringsgruppa utformer ei prosjektbestilling som ramme for arbeidet med reguleringsplan.
7. Det er viktig å skape grunnlag for omforeinte løysingar i den vidare i planprosessen. Fylkesutvalet rår til at det vert lagt inn tid i framdriftsplanen til å gjennomføre politisk forankring av konklusjonane for skissefasen i framdriftsplanen.
8. For å sikre gjennomføring av Bybanen BT5 til Åsane må det bli arbeidd med å redusere risiko og kompleksitet i projektet i så stor grad som mogleg. Fylkesutvalet meiner kostnader må bli drøfta som del av arbeidet med reguleringsplanen. Det må bli planlagt for eit realistisk projekt der ein søker kostnadsreducerande tiltak, særleg i høve til depot, tunnel og haldeplassar, samt driftskostnader knytt til buss, bane og infrastruktur. Den administrative styringsgruppa (jf. vedtaks punkt 6) skal bidra til slik kostnadsstyring gjennom å syte for at konkrete løysingar i planarbeidet held seg innanfor rammene av eit realistisk finansieringsopplegg.
9. Fylkesutvalet meiner at statleg andel i finansieringa av projektet bør aukast. Fylkesutvalet meiner spesielt at forlenging av Fløyfjellstunnel og sykkelveg med riksvegfunksjon må sikrast statleg finansiering. Fylkesutvalet rår til at ein i projektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler.
10. Fylkesutvalet rår til at det vert utarbeidd ein trafikkplan som tek utgangspunkt i stenging av Torget/Bryggen for gjennomkøyring med privatbil. I arbeidet må det bli vurdert ei løysing med mogelegheit for tovegs trafikk i eitt løp i Fløyfjellstunnelen slik at ein sikrar trafikkavvikling ved planlagt stenging av Fløyfjellstunnelen. Fylkesutvalet ser det som viktig at trafikkplanen vurderer tiltak i høve til:

- a. Trafikk som kan vere i konflikt med framkomst til bybanen.
- b. Den trafikale belastninga for dei kulturhistoriske miljøa i sentrum og Sandviken.
- c. Den trafikale belastninga for bebuarane i sentrum og Sandviken.
- d. Fylkesutvalet er samd i Bystyret i Bergen sitt ønskje om at det må etablerast kollektivfelt i Fløyfjellstunnelen.

11. Delstrekning 1 - Kaigaten – Sandbrogaten

Traseen som er lagt til grunn i oppstartmeldinga er i samsvar med fylkesutvalet si tilråding av 31.10.2013 om dagløysing gjennom sentrum og over Bryggen. Fylkesutvalet ser utfordringar for kulturminne som må løysast, og understreker at vedtaket vart gjort med visse vilkår som må bli oppfylt gjennom reguleringsarbeidet:

- a. Fylkesutvalet føreset:
  - i. at ein fjernar, eller sikrar fjerna, det meste av ordinær biltrafikk framom Bryggen.
  - ii. at ein ikkje set opp gjerder eller andre fysiske hindringar framom Torget og Bryggen.
  - iii. at ein finn akseptable løysingar for køyreleidningsanlegg
- b. Som avbøtande tiltak knytt til barriereverknad ber fylkesutvalet om at ein ser nærare på:
  - i. Batteri eller andre energiberarar som straumkjelde framfor Torget og Bryggen.
  - ii. Reduksjon av barriereverknaden for verdsarvstaden Bryggen i form av kotehøgde for bybanesporet.
  - iii. Auka avstand til Finnegården.
- c. Fylkesutvalet viser til Riksantikvaren sine krav om at ein må finne akseptable løysingar for kulturlaga i Øvregaten og Sandbrogaten, og ser det som viktig å ha fokus på konsekvensane dette kan ha for kostnad og framdrift.

12. Delstrekning 2 Sandbrogaten – Eidsvågtunnelen

På denne strekninga er det avvik mellom Fylkesutvalet si tilråding av 31.oktober 2013 og det Bergen kommune har lagt til grunn for oppstartsmeldinga.

- a. Fylkesutvalet ser at kostnadene knytt til tunnel og underjordisk haldeplass bak Sandviken kyrkje er særst høge. Fylkesutvalet rår derfor til at ein gjennom heile planprosessen har særskilt merksemd på val av løysingar som kan redusere kostnader/risiko for auka kostnader. Samstundes viser fylkesutvalet til at kulturminneomsyn i Sandviken er viktig for utforming av trase.
- b. Fylkesutvalet føreset at reguleringsplanarbeidet tek omsyn til kulturminnet og kulturmiljøet rundt Måseskjæret.

13. Delstrekning 3 Eidsvågtunnelen – Tertneskrysset

- a. På denne strekninga er traseen som ligg til grunn for oppstartsvareselet i hovudsak i tråd med Fylkesutvalet si tilråding. Fylkesutvalet støttar kommunen i å vurdere eit alternativ med trasé på vestsida av Griggastemma for å undersøke potensialet for byutvikling.

14. Delstrekning 4 Tertneskrysset – Vågsbotn

- a. Traséen som er lagt til grunn for oppstartsvareselet er i tråd med Fylkesutvalet si tilråding om å gå gjennom Åsane senter og vidare i tunnel til Nyborg. Endring av trasé for Nyborgstunnelen gir rom for å vurdere nye løysingar. Fylkesutvalet rår til ei dagløysing mellom Åsane senter og Vågsbotn. Ved å krysse E39 i bru vil ein kunne bidra til å dempe barriereverknadene av europavegen og opne for gode løysingar for gåande og syklande.
- b. Åsane terminal er den klart største bydelsterminalen med omsyn til passasjertal og tal på bussar. Fylkesutvalet rår til at tilkomst for buss til terminalen og tilrettelegging for terminalen som bytepunkt mellom buss og bane vert prioritert i planarbeidet.

- c. Åsane har vesentleg potensial for auka sykkelandel, men Fylkesutvalet vurderer at potensialet er størst for bydelsinterne reiser og vil prioritere aksane frå bustadområda og inn mot kollektivterminal og haldeplassar.
- d. Fylkesutvalet er positive til at ein i planarbeidet skal vurdere ulike lokalitetar for å etablere innfartsparkering i Åsane bydel.

### **Protokollmerknad frå FRP**

Framstegspartiet er uroa for kostnadene for Bybanen, og måten den skal finansierast på.

Framstegspartiet er sterk motstandar av dagløyising slik det kjem fram i planen

Framstegspartiet vil i tida fram mot fylkesutvalet jobbe med alternative forslag

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tar høringsforslaget til orientering.

Fylkesutvalget er sterkt urolig for de økonomiske konsekvenser som videre utbygging av bybanen vil ha for den nye sin fylkeskommunen sin fremtidige økonomi.

Fylkesutvalget minner om avkortning av bybanen sin trase til Fyllingsdalen, grunnet kostnadsøkning. Fremtidig sanferdselsnett må bygges på berekraftige økonomiske løsninger. Byvekstavtalen legger opp til å redusere/nullstille personbiltrafikken inn mot Bergen, samtidig som det legges opp til at store deler av finansieringen skal tas ved bompenger. Fylkesutvalget stillerspørsmål ved om det er gjennomførbart. Slik finansiering er også en stor belastning for næringslivet og folk flest som må bruke bilen til ulike gjøremål. Fylkesutvalget er også urolig for fremtidige driftskostnader, slik som vedlikeholdskostnader.

Fylkesutvalget ber om at det nå utredes alternative kollektive løsninger, slik som eksempel superbusser. Det forutsettes at løsningene må være miljøvennlige og kostnadene bærekraftige. Det må legges opp innfartsparkeringer og mulighet for å bruke sykkel frem til holdeplasser. All planlegging må ha universell utforming. Riksantikveren som er kulturmyndighet må høre og vektlegges for å unngå innsigelser.

Fylkesutvalget støtter forlengelse av Fløyfjellstunnelen som et ledd av kollektivsatsingen.

Fylkesutvalget kan ikkje støtte dagsløyising over Bryggen slik den fremkommer som beskrevet i planen.».

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slik protokollmerknad på vegner av Frp:

«Fremskrittspartiet har valgt å stemme mot innstillingen i sin helhet, selv om det er punkter i innstillingen vi kunne støttet. Fremskrittspartiet begrunner dette med den økonomiske løsningen hvor store deler skal finansieres med bompenger. Fremskrittspartiet er også av den oppfatning at det bør utredes alternative løsninger til bybanen, da vi mener at prosjektet ikke er økonomisk bærekraftig.»

**Anne Beth Njærheim (V)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Punkt.14a) Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert eit sentralt plassert stopp på Nyborg i tilknytning til dagløyising»

«Punkt 14 d) strykes»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

Tillegg til punkt 1.

Fylkesutvalet understrekar at bybanen må videreføres til Spelhaugen før oppstart av bybane mot Åsane.

Tillegg til punkt 5.

Fylkesutvalet mener det samtidig må planlegges og byggjes bymiljøtunnell i Bergen.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Endring:

Punkt 9. Stryk siste setning:

«Fylkesutvalet rår til at ein i prosjektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler.»

Tillegg:

Punkt 14 d)

..., men utenom sentersonen i Åsane.»

Fylkesordføraren la dei samanfallande innstillingane frå utval for kultur, idrett og regional utvikling og utval for miljø og samferdsel til grunn for røystinga.

## Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.  
Innstillinga punkt 1 til 13 vart vedteken mot 2 røyster (Frp).  
Bjørkly sitt forslag pkt. 1 fekk 4 røyster (H, V) og fall.  
Bjørkly sitt forslag pkt. 5 fekk 3 røyster (H) og fall.  
Hammer sitt forslag pkt.9 fekk 1 røyst (SV) og fall.  
Innstillinga pkt.14 a) vart vedteken mot 2 røyster (Frp).  
Njærheim sitt forslag pkt 14 a) fekk 2 røyster (V, SV) og fall.  
Innstillinga pkt. 14 b) og c) vart vedteken mot 2 røyster (Frp).  
Njærheim sitt forslag pkt.14 d) fekk 1 røyst (V) og fall.  
Innstillinga pkt. 14 d) vart vedteken mot 2 røyster(Frp).  
Hammer sitt forslag pkt.14 d) fekk 1 røyst (SV) og fall.

## Vedtak

1. Bybanen er ein suksess og Fylkesutvalet ønskjer å bygge vidare på dei investeringane som er gjort. I regionale planar og Kollektivstrategi for Hordaland er Bybanen ei prioritert satsing. Vidare utbygging av bybane gjennom sentrum vil dessutan utløyse meir kapasitet i eksisterande infrastruktur.
2. Fylkesutvalet understrekar viktigheita av å utvikle eit heilskapleg og gjennomgåande kollektivtilbod som er attraktivt for dei reisande, er godt integrert i bybiletet, føreseieleg, med høg frekvens og god framkomst. Fylkesutvalet meiner at Bybanekonseptet gjev riktig kapasitet for ein by på storleiken til Bergen, og at det er rett å halde fram med same konsept. Å legge til rette for at to separate konsept skal kopløst i sentrum vil gi unødig store driftsutfordringar og arealkrevjande løysingar.
3. Fylkesutvalet meiner at det supplerande busstilbodet mellom sentrum og Åsane må sikrast god framkomst, kort reisetid og funksjonelle bytepunkt. Det bør særleg fokuserast på følgjande to område: Framkomsten for bussar i krysset på Nygårdstangen i retning Bergen busstasjon og koplinga mellom Åsane terminal og vegnettet rundt terminalen.

4. Fylkesutvalet er tilfreds med at sykkelveg langs Bybanen til Åsane vert regulert som ein del av bybaneprojektet. Fylkesutvalet rår til at tilrettelegging for gåande og syklende vert prioritert, men at standarden på sykkelvegane i sentrumsområda må bli vurdert i høve til tilgjengeleg areal og andre trafikantar sine behov.
5. Fylkesutvalet merkar seg at Bergen kommune har gjort vedtak om å regulere alternativ med forlenging av Fløyfjellstunnelen for å frigjere Åsaneveien for bybanetrasé. Fylkesutvalet aksepterer denne løysinga til tross for at det aukar økonomisk risiko og kompleksitet i prosjektet. Fylkesutvalet føreset at planarbeidet sikrar mest mogeleg samtidighet i utbygginga av bybane og forlenga Fløyfjellstunnel.
6. Fylkeskommunen er tiltakshavar, eigar og ansvarleg for drift av Bybanen og må vere tett kopla til den overordna styringa av prosjektet. Fylkesutvalet rår til at det etablerast ei administrativ styringsgruppe som kan følgje reguleringsarbeidet jamleg med fokus på kostnadskontroll og problemstillingar av overordna og prinsipiell art. Fylkesutvalet rår til at styringsgruppa utformer ei prosjektbestilling som ramme for arbeidet med reguleringsplan.
7. Det er viktig å skape grunnlag for omforeinte løysingar i den vidare i planprosessen. Fylkesutvalet rår til at det vert lagt inn tid i framdriftsplanen til å gjennomføre politisk forankring av konklusjonane for skissefasen i framdriftsplanen.
8. For å sikre gjennomføring av Bybanen BT5 til Åsane må det bli arbeidd med å redusere risiko og kompleksitet i prosjektet i så stor grad som mogleg. Fylkesutvalet meiner kostnader må bli drøfta som del av arbeidet med reguleringsplanen. Det må bli planlagt for eit realistisk prosjekt der ein søker kostnadsreducerande tiltak, særleg i høve til depot, tunnel og haldeplassar, samt driftskostnader knytt til buss, bane og infrastruktur. Den administrative styringsgruppa (jf. vedtakspunkt 6) skal bidra til slik kostnadsstyring gjennom å syte for at konkrete løysingar i planarbeidet held seg innanfor rammene av eit realistisk finansieringsopplegg.
9. Fylkesutvalet meiner at statleg andel i finansieringa av prosjektet bør aukast. Fylkesutvalet meiner spesielt at forlenging av Fløyfjellstunnel og sykkelveg med riksvegfunksjon må sikrast statleg finansiering. Fylkesutvalet rår til at ein i prosjektet har fokus på å sikre private bidrag til finansiering gjennom utbyggingsavtaler.
10. Fylkesutvalet rår til at det vert utarbeidd ein trafikkplan som tek utgangspunkt i stenging av Torget/ Bryggen for gjennomkøyring med privatbil. I arbeidet må det bli vurdert ei løysing med mogelegheit for tovegs trafikk i eitt løp i Fløyfjellstunnelen slik at ein sikrar trafikkavvikling ved planlagt stenging av Fløyfjellstunnelen. Fylkesutvalet ser det som viktig at trafikkplanen vurderer tiltak i høve til:
  - a. Trafikk som kan vere i konflikt med framkomst til bybanen.
  - b. Den trafikale belastninga for dei kulturhistoriske miljøa i sentrum og Sandviken.
  - c. Den trafikale belastninga for bebuarane i sentrum og Sandviken.
  - d. Fylkesutvalet er samd i Bystyret i Bergen sitt ønskje om at det må etablerast kollektivfelt i Fløyfjellstunnelen.
11. Delstrekning 1 - Kaigaten – Sandbrogaten  
Traseen som er lagt til grunn i oppstartmeldinga er i samsvar med fylkesutvalet si tilråding av 31.10.2013 om dagløysing gjennom sentrum og over Bryggen. Fylkesutvalet ser utfordringar for kulturminne som må løysast, og understreker at vedtaket vart gjort med visse vilkår som må bli oppfylt gjennom reguleringsarbeidet:
  - a. Fylkesutvalet føreset:
    - i. at ein fjernar, eller sikrar fjerna, det meste av ordinær biltrafikk framom Bryggen.
    - ii. at ein ikkje set opp gjerder eller andre fysiske hindringar framom Torget og Bryggen.
    - iii. at ein finn akseptable løysingar for køyreleidningsanlegg
  - b. Som avbøtande tiltak knytt til barriereverknad ber fylkesutvalet om at ein ser nærare på:
    - i. Batteri eller andre energiberarar som straumkjelde framfor Torget og Bryggen.

- ii. Reduksjon av barriereverknaden for verdsarvstaden Bryggen i form av kotehøgde for bybanespolet.
  - iii. Auka avstand til Finnegården.
- c. Fylkesutvalet viser til Riksantikvaren sine krav om at ein må finne akseptable løysingar for kulturlaga i Øvregaten og Sandbrogaten, og ser det som viktig å ha fokus på konsekvensane dette kan ha for kostnad og framdrift.
12. Delstrekning 2 Sandbrogaten – Eidsvågtunnelen  
På denne strekninga er det avvik mellom Fylkesutvalet si tilråding av 31.oktober 2013 og det Bergen kommune har lagt til grunn for oppstartsmeldinga.
- a. Fylkesutvalet ser at kostnadene knytt til tunnel og underjordisk haldeplass bak Sandviken kyrkje er særst høge. Fylkesutvalet rår derfor til at ein gjennom heile planprosessen har særskilt merksemd på val av løysingar som kan redusere kostnader/risiko for auka kostnader. Samstundes viser fylkesutvalet til at kulturminneomsyn i Sandviken er viktig for utforming av trase.
  - b. Fylkesutvalet føreset at reguleringsplanarbeidet tek omsyn til kulturminnet og kulturmiljøet rundt Måseskjæret.
13. Delstrekning 3 Eidsvågtunnelen – Tertneskrysset
- a. På denne strekninga er traseen som ligg til grunn for oppstartsvarselet i hovudsak i tråd med Fylkesutvalet si tilråding. Fylkesutvalet støttar kommunen i å vurdere eit alternativ med trasé på vestsida av Griggastemma for å undersøke potensialet for byutvikling.
14. Delstrekning 4 Tertneskrysset – Vågsbotn
- a. Traséen som er lagt til grunn for oppstartsvarselet er i tråd med Fylkesutvalet si tilråding om å gå gjennom Åsane senter og vidare i tunnel til Nyborg. Endring av trasé for Nyborgstunnelen gir rom for å vurdere nye løysingar. Fylkesutvalet rår til ei dagløysing mellom Åsane senter og Vågsbotn. Ved å krysse E39 i bru vil ein kunne bidra til å dempe barriereverknadene av europavegen og opne for gode løysingar for gåande og syklende.
  - b. Åsane terminal er den klart største bydelsterminalen med omsyn til passasjertal og tal på bussar. Fylkesutvalet rår til at tilkomst for buss til terminalen og tilrettelegging for terminalen som bytepunkt mellom buss og bane vert prioritert i planarbeidet.
  - c. Åsane har vesentleg potensial for auka sykkelandel, men Fylkesutvalet vurderer at potensialet er størst for bydelsinterne reiser og vil prioritere aksane frå bustadområda og inn mot kollektivterminal og haldeplassar.
  - d. Fylkesutvalet er positive til at ein i planarbeidet skal vurdere ulike lokalitetar for å etablere innfartsparkering i Åsane bydel.

#### **Protokollmerknad frå Frp.**

Fremskrittspartiet har valgt å stemme mot innstillingen i sin helhet, selv om det er punkter i innstillingen vi kunne støttet. Fremskrittspartiet begrunner dette med den økonomiske løsningen hvor store deler skal finansieres med bompenger. Fremskrittspartiet er også av den oppfatning at det bør utredes alternative løsninger til bybanen, da vi mener at prosjektet ikke er økonomisk bærekraftig.

## **PS 208/18 Endring i elbiltakstar på ferje**

### **Forslag til vedtak**

Takstreglane for ferje i Hordaland vert med verknad frå 15.09.18 endra slik:

Nullutsleppskøyretøy skal ha 50% rabatt i høve tilsvarande stort konvensjonelt køyretøy og taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordningar på lik linje med konvensjonelle køyretøy

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018**

**Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Sp**, sette på vegner av Sp, A og KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesutvalet påpeikar overfor Stortinget at ein forventar at Stortinget kompenserer inntektsbortfallet for ferjedrifta tilsvarande rabattordninga for el-bilane.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Ekrheim sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Takstreglane for ferje i Hordaland vert med verknad frå 15.09.18 endra slik:

Nullutsleppskøyretøy skal ha 50% rabatt i høve tilsvarande stort konvensjonelt køyretøy og taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordningar på lik linje med konvensjonelle køyretøy.

Fylkesutvalet påpeikar overfor Stortinget at ein forventar at Stortinget kompenserer inntektsbortfallet for ferjedrifta tilsvarande rabattordninga for el-bilane.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

**Pål Kårbø (Uvh)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg till slutten av avsnitt 2.

.....på lik linje med konvensjonelle køyretøy, *dvs høve til å oppnå rabatt på opptil 75 % av konvesjonelle køyretøy.*»

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Avsnitt 3.  
Punktum etter ferjedrifta»

### **Røysting**

Innstillinga med Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke. Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Takstreglane for ferje i Hordaland vert med verknad frå 15.09.18 endra slik:

Nullutsleppskøyretøy skal ha 50% rabatt i høve tilsvarande stort konvensjonelt køyretøy og taksten for nullutsleppskøyretøy skal kunne rabatterast med ulike rabattordningar på lik linje med konvensjonelle køyretøy, dvs høve til å oppnå rabatt på opptil 75 % av konvesjonelle køyretøy.

Fylkesutvalet påpeikar overfor Stortinget at ein forventar at Stortinget kompenserer inntektsbortfallet for ferjedrifta.

## **PS 209/18 Forskrift om utstederverksemd for bompengar og ferjebilletter (utstederforskrifta) - Høyringsfråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstederrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det bør opnast opp for at bompengeselskapa kan etablere dotterselskap som har ansvar for utsteding av brikker.
2. Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.
3. Forskrifta må avklare nærare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
4. Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifta og krav om tidspunkt for når utstedarfunksjonen blir avvikla blir forlenga slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.08.2018**

**Stein Inge Ryssdal, H**, stilte spørsmål om han var inhabil. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Stein Inge Ryssdal ikkje var inhabil.

Stein Inge Ryssdal tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstederrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det bør opnast opp for at bompengeselskapa kan etablere dotterselskap som har ansvar for utsteding av brikker.
2. Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.
3. Forskrifta må avklare nærare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
4. Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifta og krav om tidspunkt for når utstedarfunksjonen blir avvikla blir forlenga slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegne av SV, A, Krf og SP fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 1.

Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstederrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner *det er svært uheldig at utskilling blir satt som eit absolutt krav for norske bompengeselskap. Norske bomselskaper bør kunne organisere*

*utstederverksemda på like vilkår som våre europeiske «konkurrenter». Derfor bør utstederverksemda også kunne organiserast i eit datterselskap heileigd av det regionale bompengeselskapet.»*

## **Røysting**

Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga pkt. 1. Innstillinga pkt. 2 til 4 vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstedarrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det er svært uheldig at utskilling blir satt som eit absolutt krav for norske bompengeselskap. Norske bomselskaper bør kunne organisere utstederverksemda på like vilkår som våre europeiske «konkurrenter». Derfor bør utstederverksemda også kunne organiserast i eit datterselskap heileigd av det regionale bompengeselskapet.
2. Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.
3. Forskrifta må avklare nærare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.
4. Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifta og krav om tidspunkt for når utstedarfunksjonen blir avvikla blir forlenga slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynthe system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.

## **PS 210/18 Søknad om ekstraordinær støtte til støvsanering - KODE kunstmuseer og komponistheim**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet løyver kr 700.000 til prosjektleiing av arbeid med støvsanering til KODE kunstmuseer og komponisthjem, org. nr. 990 269 343, frå utvalet sin råvdeldkonto.
2. Fylkesutvalet meiner at statleg tilskot til stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem må aukast minst tilsvarande snitt for resten av landet og ber administrasjonen sjå nærare på fordelingsnøkkelen mellom tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

Espen Berntsen (A) stilte spørsmål om han var inhabil. Berntsen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at Espen Berntsen ikkje var inhabil.

Espen Berntsen tiltredde saksbehandlinga.

## **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet løyver kr 700.000 til prosjektleiing av arbeid med støvsanering til KODE kunstmuseer og komponisthjem, org. nr. 990 269 343, frå utvalet sin råvdeldkonto.

2. Fylkesutvalet meiner at statleg tilskot til stiftinga KODE kunstmuseer og komponisthjem må aukast minst tilsvarande snitt for resten av landet og ber administrasjonen sjå nærare på fordelingsnøkkelen mellom tilskot frå stat, fylkeskommune og kommune.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

**Benthe Bondhus (SP)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

**Røysting** ( til utsetjing)

Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett.

## PS 211/18 Høyrings svar Kulturarenaplan for Bergen kommune 2019 - 2030

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet slutter seg til innspel til Kulturarenaplanen for Bergen kommune slik det ligg føre i saka og vedtek følgjande:

1. Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Hordland fylkeskommune saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar.
  - a) Kulturlivet sine eigne stemmar er tydeleg i denne planen. Planteksten burde hatt eit tydelegare skilje mellom innspel frå tiltakshavarar og Bergen kommune sine eigne vurderingar.
  - b) I rubrikken for finansiering av det einiskilde tiltak må det skiljast mellom vedteken finansiering og kva som er ønskjeleg finansiering. Det må og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.
  - c) Hordaland fylkeskommune vil tilrå at planen meir systematisk og heilskapleg skildrar og vurderer omsynet til arealplanlegging etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.
  - d) Hordaland fylkeskommune ser 2019 – 2030 som ein lang periode for ein slik plan, og vil tilrå at planen vert rullert midtvegs i planperioden.
2. I tråd med eige vedtak støttar Hordaland fylkeskommune Bergen kommune i at spelemidlane til kulturbygg må aukast.
3. Hordaland fylkeskommune er samd i at meir midlar frå *kap.322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen og Hordaland. Det må arbeidast aktivt med dette.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid, og at det skal leggest til rette for ei dette gjennom kommunalt bookingsystem.
5. Hordaland fylkeskommune ser satsinga på ny bruk av tomme lokale som svært positiv og eit viktig bidrag til ei god byutvikling og m.a. levande sentrum.
6. Hordaland fylkeskommune vil styrke musea i høve drift og investering i samsvar med dei økonomiske føresetnadene til fylkeskommunen og støttar Bergen kommune si vurdering av at det svært store behov for istandsetting av eldre bygg innanfor museumssektoren og behov for nye lokalar for nye satsingar.

- a) Hordaland fylkeskommune vil følge opp prosjekt Museumsløft knytt til kartlegging av bygningsmasse og vedlikeholdsbehov av dei verneverdige bygga i musea. Dette vil konkretisere behova innan museumsfeltet på ein systematisk og god måte.
- b) Det er svært positivt at Bergen kommune vil opprette ei ny tilskotsordning til vedlikehald av ikkje-kommunale museumsbygg.
- c) I tråd med nasjonal politikk er etablering av eit Verdsarvsenter på Bryggen eit prioritert kulturarenatiltak i Regional kulturplan for Hordaland.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet slutter seg til innspel til Kulturarenaplanen for Bergen kommune slik det ligg føre i saka og vedtek følgjande:

1. Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Hordland fylkeskommune saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar.
  - a) Kulturlivet sine egne stemmar er tydeleg i denne planen. Planteksten burde hatt eit tydelegare skilje mellom innspel frå tiltakshavarar og Bergen kommune sine egne vurderingar.
  - b) I rubrikken for finansiering av det einskilde tiltak må det skiljast mellom vedteken finansiering og kva som er ønskeleg finansiering. Det må og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.
  - c) Hordaland fylkeskommune vil tilrå at planen meir systematisk og heilskapleg skildrar og vurderer omsynet til arealplanlegging etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.
  - d) Hordaland fylkeskommune ser 2019 – 2030 som ein lang periode for ein slik plan, og vil tilrå at planen vert rullert midtvegs i planperioden.
2. I tråd med eige vedtak støttar Hordaland fylkeskommune Bergen kommune i at spelemidlane til kulturbygg må aukast.
3. Hordaland fylkeskommune er samd i at meir midlar frå *kap.322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen og Hordaland. Det må arbeidast aktivt med dette.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid, og at det skal leggest til rette for ei dette gjennom kommunalt bookingsystem.
5. Hordaland fylkeskommune ser satsinga på ny bruk av tomme lokale som svært positiv og eit viktig bidrag til ei god byutvikling og m.a. levande sentrum.
6. Hordaland fylkeskommune vil styrke musea i høve drift og investering i samsvar med dei økonomiske føresetnadene til fylkeskommunen og støttar Bergen kommune si vurdering av at det svært store behov for istandsetting av eldre bygg innanfor museumssektoren og behov for nye lokalar for nye satsingar.
  - a) Hordaland fylkeskommune vil følge opp prosjekt Museumsløft knytt til kartlegging av bygningsmasse og vedlikeholdsbehov av dei verneverdige bygga i musea. Dette vil konkretisere behova innan museumsfeltet på ein systematisk og god måte.
  - b) Det er svært positivt at Bergen kommune vil opprette ei ny tilskotsordning til vedlikehald av ikkje-kommunale museumsbygg.
  - c) I tråd med nasjonal politikk er etablering av eit Verdsarvsenter på Bryggen eit prioritert kulturarenatiltak i Regional kulturplan for Hordaland.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

Fylkesutvalet slutter seg til innspel til Kulturarenaplanen for Bergen kommune slik det ligg føre i saka og vedtek følgjande:

1. Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Hordland fylkeskommune saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar.
  - a) Kulturlivet sine egne stemmar er tydeleg i denne planen. Planteksten burde hatt eit tydelegare skilje mellom innspel frå tiltakshavarar og Bergen kommune sine egne vurderingar.
  - b) I rubrikken for finansiering av det einskilde tiltak må det skiljast mellom vedteken finansiering og kva som er ønskjeleg finansiering. Det må og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.
  - c) Hordaland fylkeskommune vil tilrå at planen meir systematisk og heilskapleg skildrar og vurderer omsynet til arealplanlegging etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.
  - d) Hordaland fylkeskommune ser 2019 – 2030 som ein lang periode for ein slik plan, og vil tilrå at planen vert rullert midtvegs i planperioden.
2. I tråd med eige vedtak støttar Hordaland fylkeskommune Bergen kommune i at spelemidlane til kulturbygg må aukast.
3. Hordaland fylkeskommune er samd i at meir midlar frå *kap.322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen og Hordaland. Det må arbeidast aktivt med dette.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid, og at det skal leggest til rette for ei dette gjennom kommunalt bookingsystem.
5. Hordaland fylkeskommune ser satsinga på ny bruk av tomme lokale som svært positiv og eit viktig bidrag til ei god byutvikling og m.a. levande sentrum.
6. Hordaland fylkeskommune vil styrke musea i høve drift og investering i samsvar med dei økonomiske føresetnadene til fylkeskommunen og støttar Bergen kommune si vurdering av at det svært store behov for istandsetting av eldre bygg innanfor museumssektoren og behov for nye lokalar for nye satsingar.
  - a) Hordaland fylkeskommune vil følge opp prosjekt Museumsløft knytt til kartlegging av bygningsmasse og vedlikehaldsbehov av dei verneverdige bygga i musea. Dette vil konkretisere behova innan museumsfeltet på ein systematisk og god måte.
  - b) Det er svært positivt at Bergen kommune vil opprette ei ny tilskotsordning til vedlikehald av ikkje-kommunale museumsbygg.
  - c) I tråd med nasjonal politikk er etablering av eit Verdsarvsenter på Bryggen eit prioritert kulturarenatiltak i Regional kulturplan for Hordaland.

## PS 212/18 Fråsegn til områdeplan for Rong senterområde, Øygarden kommune

### Forslag til innstilling

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Rong til eit attraktivt senter. Planen har mål og verkemiddel for å vende staden mot sjøen og gjere Rong sentrum tettare, med miljøgate og eit mangfald av funksjonar og aktivitetar i samsvar med *Regional plan for attraktive senter*.

2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planframlegget har mange gode kvalitetar som vil styrke Rong som eit attraktivt senter og ein god stad å bu på. Det er lagt til rette for eit nett av stiar, parkar, møteplassar og kopling mellom sentrum og sjø. Universell utforming er vektlagt. Planen samsvarar også med retningsliner i *Regional plan for folkehelse*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bustadføremål B8 vil dominere landskapet frå sjøen og ikkje ivareta omsynet til strandsona på ein god måte. Utvalet rår til at føremålet vert trekt lenger unna sjøen, redusert i omfang eller tatt ut av planen.
4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet samtykke til utviding av handel for på Rong slik det er søkt om. Flytting og utviding av handel er innanfor planlagt areal for handel i samband med områdeplan for Rongøy, og omfang handel er i samsvar med senterstruktur og omland. Utvidinga er også i samsvar med Regional plan for attraktive senter og regionale føresegn.

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Rong til eit attraktivt senter. Planen har mål og verkemiddel for å vende staden mot sjøen og gjere Rong sentrum tettare, med miljøgate og eit mangfald av funksjonar og aktivitetar i samsvar med *Regional plan for attraktive senter*.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planframlegget har mange gode kvalitetar som vil styrke Rong som eit attraktivt senter og ein god stad å bu på. Det er lagt til rette for eit nett av stiar, parkar, møteplassar og kopling mellom sentrum og sjø. Universell utforming er vektlagt. Planen samsvarar også med retningsliner i *Regional plan for folkehelse*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bustadføremål B8 vil dominere landskapet frå sjøen og ikkje ivareta omsynet til strandsona på ein god måte. Utvalet rår til at føremålet vert trekt lenger unna sjøen, redusert i omfang eller tatt ut av planen.
4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet samtykke til utviding av handel for på Rong slik det er søkt om. Flytting og utviding av handel er innanfor planlagt areal for handel i samband med områdeplan for Rongøy, og omfang handel er i samsvar med senterstruktur og omland. Utvidinga er også i samsvar med Regional plan for attraktive senter og regionale føresegn.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Rong til eit attraktivt senter. Planen har mål og verkemiddel for å vende staden mot sjøen og gjere Rong sentrum tettare, med miljøgate og eit mangfald av funksjonar og aktivitetar i samsvar med Regional plan for attraktive senter.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planframlegget har mange gode kvalitetar som vil styrke Rong som eit attraktivt senter og ein god stad å bu på. Det er lagt til rette for eit nett av stiar, parkar, møteplassar og kopling mellom sentrum og sjø. Universell utforming er vektlagt. Planen samsvarar også med retningsliner i Regional plan for folkehelse.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bustadføremål B8 vil dominere landskapet frå sjøen og ikkje ivareta omsynet til strandsona på ein god måte. Utvalet rår til at føremålet vert trekt lenger unna sjøen, redusert i omfang eller tatt ut av planen.
4. Med heimel i Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel gir Fylkesutvalet samtykke til utviding av handel for på Rong slik det er søkt om. Flytting og utviding av handel er innanfor planlagt areal for handel i samband med områdeplan for Rongøy, og omfang handel er i samsvar med senterstruktur og omland. Utvidinga er også i samsvar med Regional plan for attraktive senter og regionale føresegn.

## **PS 213/18 Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027 - høyring**

### **Forslag til innstilling**

- 1 Fylkesutvalet ser positivt på at Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd framlegg til ny regional plan for kultur. Planen identifiserer aktuelle kulturpolitiske utfordringar og peikar ut satsingar som er viktige i dagens Sogn og Fjordane. Planen bør vere retningsgjevande for vidare prosessar i Vestland fylkeskommune, og i saker som gjeld den nordlege delen av det framtidige fylket.
- 2 Fylkesutvalet meiner at det vil styrke framlegget til regional plan og handlingsprogram dersom ein i større grad tek drøfta behovet for samordning av arbeidsmetodar og verkemiddel i dei to fylkeskommunane før etableringa av Vestland fylkeskommune 1.1.2020.
- 3 Fylkesutvalet meiner at planframlegget i større grad bør sjåast i samband med vedtekne regionale planar i Sogn og Fjordane og Hordaland innanfor kultur og idrett og folkehelse.
- 4 Fylkesutvalet har merknader til planframlegget og rår til at framlegget vert justert i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling på følgjande punkt:
  - a. Vurdering av regionale tilskotsordningar på kultur- og idrettsfeltet.
  - b. Drøfting av bruken av samarbeids- og partnerskapsavtalar
  - c. Vektlegging av behovet for ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet, med vekt på kunstens autonomi og eigenverdi.
  - d. Tydeleggjering av behovet for nettverk og kompetanse innan profesjonelle kunstfeltet, og potensialet i å ytterlegare nytte nettverk som allereie er etablerte i Hordaland.
  - e. Styrka fokus på vidareutvikling av kunst i offentleg rom, jf Hordaland fylkeskommune sin politikk på feltet.
  - f. Definere ein politikk for toppidrett, større meisterskap og dopingførebyggjande arbeid.
  - g. Samhandling med FOU-miljø og utvikling av regionalt viktige nettverk og samarbeidsmodellar.
  - h. Utviklingsarbeid i høve friluftsliv.
  - i. Utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring.
  - j. Utviding av bokbåttenesta til heile det nye vestlandsfylket.
  - k. Tydeleggjering av den overordna samfunnsrolla som fylkesarkiva har og kan ta innan det kulturhistoriske feltet.
  - l. Utdjupe tema Universell utforming

### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

**Sara Hamre Sekkingstad (Sp)** sette frem slikt forslag:

«Fylkesutvalet tar saka til orientering».

## **Røysting**

Sekkingstad sitt forslag ble samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen si innstilling.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tar saka til orientering.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Fylkesutvalet tar saka til orientering.

## **PS 214/18 Fast avløysar for konstituert fylkesrådmann**

### **Forslag til vedtak**

1. Fylkesdirektør regional utvikling vert fast avløysar for konstituert fylkesrådmann.
2. Det vert gitt ein kompensasjon på kr. 50 000 per år for funksjonen.
3. Ordninga gjeld frå 1.9.2018.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Fylkesdirektør regional utvikling vert fast avløysar for konstituert fylkesrådmann.
2. Det vert gitt ein kompensasjon på kr. 50 000 per år for funksjonen.
3. Ordninga gjeld frå 1.9.2018.

## **PS 215/18 Søknad om ruteløyve for ferjedrift frå Sunnhordland Ferjerederi AS u/s - klage på vedtak**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna ta klaga på avslag på søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til fylgje. Grunngevinga for det er at fylkeskommunen nyttar heile arealet både på Sunde og Jektevik til eigne kollektivføremål.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018**

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

Alternativ

«Fylkesutvalget tar klagen delvis tilfølge under følgende føresetnad:

Parkeringsplassen på Sunde som det har vært henvist til må være opparbeidet og kan tas i bruk før oppstart.

Anløp Jektevik må tilpasses dagens ruteprogram og nye oppstillingsplasser som har vært henvist til må være opparbeidet og klar til bruk.»

## Røysting

Stenseide sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, og V) og fall.  
Innstillinga fekk 9 røyster (A, SP, Krf, SV og Uah) og vart vedteke.

## Vedtak

Fylkesutvalet finn ikkje å kunna ta klaga på avslag på søknad om ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til fylgje. Grunngevinga for det er at fylkeskommunen nyttar heile arealet både på Sunde og Jektevik til egne kollektivføremål.

## PS 216/18 Statleg finansiering av Festspillene i Bergen

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til vedtak i KIRU til sak RS 48/18.

Fylkesutvalet vil sterkt støtte fråsegna frå Festspillene i Bergen (FIB) og Festspillene i Nord-Norge (FINN), i brev datert 22.05.18 til Norsk kulturråd. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er, lik dei to nasjonale institusjonane, bekymra for desse institusjonane si langsiktige drift om ikkje dagens tilskotsordning vert endra eller innretta i samsvar med argumentasjonen til FIB og FINN.»

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2018

Silja Ekeland Bjørkly (V) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Festspillene i Bergen.

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er ordførar i representantskapet i Festspillene i Bergen.

Pål Kårbø stilte spørsmål om han var inhabil då han er vara for Hestetun i representantskapet i Festspillene i Bergen. Han hadde møtt som vara.

Bjørkly, Hestetun og Kårbø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Roald Kvamme vart vald til å leia møtet.

Det var 12 representantar tilstades.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Silja Ekeland Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e), og at Anne Gine Hestetun og Pål Kårbø ikkje var inhabile.

Silja Ekeland Bjørkly gjekk frå under behandlinga av saka.

Anne Gine Hestetun og Pål Kårbø tiltredde saksbehandlinga. Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til vedtak i KIRU til sak RS 48/18.

Fylkesutvalet vil sterkt støtte fråsegna frå Festspillene i Bergen (FIB) og Festspillene i Nord-Norge (FINN), i brev datert 22.05.18 til Norsk kulturråd. Utval for kultur, idrett og regional utvikling er, lik dei to nasjonale institusjonane, bekymra for desse institusjonane si langsiktige drift om ikkje dagens tilskotsordning vert endra eller innretta i samsvar med argumentasjonen til FIB og FINN.»